

UBAS Nordisk
Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter



Fra funn til samfunn
Jernalderstudier tilegnet Bergljot Solberg
på 70-årsdagen

Knut Andreas Bergsvik og Asbjørn Engevik jr. (red.)



UNIVERSITETET I BERGEN

1

UBAS – Universitetet i Bergen Arkeologiske Skrifter. Nordisk 1

Copyright: Forfatterne.

Arkeologisk institutt, Universitetet i Bergen
Postboks 7800
5020 Bergen
Norge
www.hf.uib.no/arkeologisk

ISBN: 82-90273-78-9

ISSN: 1503-9811

Redaktører for denne boken

Knut Andreas Bergsvik
Asbjørn Engevik jr.

Redaksjon for serien UBAS

Terje Østigård
Lars Forsberg
Janicke Zehetner

Layout

Christian Bakke og Jan Kåre Wilhelmsen, Formidlingsavdelingen,
Universitetet i Bergen
Foto av Bergljot Solberg: Magnus Vabø, Formidlingsavdelingen, UiB
Forside/omslag: Arkikon, www.arkikon.no

Trykk

PDC Tangen
Papir: Galerie Art Silk 130 g.
Fonter: Adobe Garamond og Myriad



Skålgropene i Valdres og indre Sogn – ikkje berre «stølsristningar»?


«I paaafaldende stor Mængde findes i Norge de skaalformede Huller (Indhulinger i Stenen i Form af et Kuglesegment). Man har dem i mange Ristninger ved Siden av Figurer af anden Art, men ikke sjelden bestaar Ristningen ogsaa udelukkende af saadanne Huller i større eller mindre Antal» (Rygh 1873:461).

I sin klassiske artikkel frå 1944, «Høgfjellsristninger i Luster i Sogn», la Johs. Bøe grunnlaget for å definere dei reine gropristningsområda som noko anna enn resten av helleristningstilfanget. Bøe la vekt på det som skilde Luster-ristingane frå dei andre jordbruksristningane samtidig som han også viste til samanhengen mellom dei. Han poengterte at det vanlege var å finne jordbruksristningar i tilknytning til dyrkbar og dyrka jord, der jordsmonn og landskap var tilpassa eit tidleg jordbruk, langs fjord, kyst, elvar og lågland. Groplokalitetane i Sogn låg derimot (stort sett) i utmark eller fjell, frå 4-500 til bortimot 1000 meter over havet. Fleire av dei ligg i det som i dag er stølsområde, på historiske stølsvollar og på nedlagde, ofte gløymde stølar eller tufteområde (Randers & Kvamme 1992). Enkelte ligg så høgt og marginalt at det ikkje synest mogleg med stølsdrift eingong, og Bøe trakk den logiske konklusjonen at dei alle ligg på stader som gir godt beite og rikeleg med vatn for husdyr (Bøe 1944:172). Han oppsummerte slik: «Vi samler da, som karakteristisk for Luster-ristningene, og stort sett til atskillelse fra større sammenhengende ristningsområder i Skandinavia, en tett forekomst av ristninger med skålgroper som eneste motiv og anbragt på gode havneganger høgt til fjells» (Bøe 1944:173). Samme type gropristningar i liknande kontekstar som i Luster finn vi også andre stader, særleg i Valdres, Hardanger og andre kommunar i indre Sogn. Gropristningane i desse områda har på bakgrunn av forekomstane i Luster fått nemninga «stølsristningar» eller «høgfjellsristningar» (Bøe 1944), og sjølv om også desse ristningane har ein like variert kontekst som resten av jordbruksristningane så har namnet vorte hengande ved særleg dei vestnorske lokalitetane (inkludert Valdres). I utsagnet «Andre steder, som i støls- og fjelltraktene i Vest- og Østnorge og i Sveits, er skålgropene mye yngre og opptrer i typiske beitelandskap» (Hygen & Bengtsson 1999:123), altså yngre enn bronsealder, ligg det implisitt at desse ristningane er forskjellige frå resten av jordbruksristningane.

Men er det bildet som Bø teiknar av «stølsristningane» reelt? Er dei reine gropristningane i vestlege fjord- og fjellområde eit fenomen som berre er knytt til bonden si utnytting av utmarksområda? Eller er det mogleg at ristningane kan gå inn i ein meir differensiert samfunnsmessig samanheng? Ved å gå nærare inn i dei «klassiske» reine gropristningsområda i indre Sogn og Valdres vil eg undersøke om det kanskje kan teikne seg eit meir nyansert bilde av situasjonen, både når det gjeld kontekst og dateringsramme. Ved å diskutere dei ulike kontekstane som gropene opptrer i vil det kanskje vere mogleg å danne seg eit bilde av bakgrunnen for gropristningane samt den vidare bruken av dei. Dei kan ikkje daterast på vanleg vis, einaste løysinga er å sannsynleggjere ein kronologi som ikkje vert motsagt av kjeldematerialet. Men det er vanskeleg å unngå ein «høna eller egget»-problematikk – var gropene der før eit bestemt datert fornminne eller kom gropene på grunn av det daterte fornminnet?


I den eldste samla oversikten over norske helleristningar omtala Oluf Rygh til saman 164 ristningsforekomstar (Rygh 1873). Storparten, heile 144 felt, låg ganske konsentrert i dåverande Smaalenenes Amt (det seinare Østfold). Av desse hadde 34 felt skålgropa som det einaste motivet, og dei låg spreidde innimellom billedfelta. Det rike vestnorske ristningsmaterialet var framleis bortimot ukjent, det einaste Rygh omtalar er eitt felt på Lista, tre felt i Rennesøy, eitt felt i Etne og dei velkjende båttristningane på Leirvåg i Askvoll. Ingen av gropristningane i Sogn var «oppdaga» endå, det skjedde først rundt 1880. Skulestyrar B.E. Bendixen fekk i 1881 påvist det store gropberget på Saude i Luster, og han fekk samstundes høyre om fleire liknande ristningar i området (Bendixen 1882:21f). Når det gjeld Valdres står det som einaste innføring i Rygh sin oversikt at det i Vestre Slidre var funne «I nærheden af Hovedkirken nogle Ristninger». Distriktslækjar H.C. Printz hadde eit par år tidlegare, i 1871, sendt følgjande melding til Oldsaksamlingen: «Paa et nogsaa fladt Skalbjerghöit ovenfor Slidre Kirke paa det saakaldte Opslidre forekommer Figurer, hvilke jeg herved har den Ære at sende Dem» (brev i topografisk arkiv, Oldsaksamlingen). I fleire seinare samanhengar er denne lokaliteten omtala som den einaste i Valdres der det finst andre motiv enn groper. Ei grundigare gransking viser at det er ikkje figurar, men ein variant av groper med renner, noko som i seg sjølv er ein sjeldan forekomst i norsk samanheng. Sjå Fig. 5 og 6.

Skålgropmotivet er eit globalt motiv, det førekjem i mange ulike kontekstar og i ulike kronologiske samanhengar, og det har ein mykje vidare distribusjon enn andre, figurative bergkunstmotiv. Skålgropmotivet er det einaste ristningsmotivet som kan danne eigne «ristningsregionar» (Fig. 1), og det er det suverent mest talrike motivet i bergkunsten. Båten dominerer sterkt i mange ristningsområde, særleg på Vestlandet, men båtmotivet er aldri einerådande over større område slik som skålgropa kan vere. Fleire stader, både i Sverige, Danmark, Noreg og andre land, er reine skålgropfelt vanlegare enn felt med figurative motiv, men dei opptrer som regel på dei samme lokalitetane. Dei tydelegaste «reine» gropristningsområda i Noreg er Valdres og indre Sogn. Også i Hardanger og Voss er skålgropa det klart dominerande motivet, men der finst det i tillegg innslag av andre motiv som til dømes fotsolar (Mandt Larsen 1972).




Figur 1. Oversikt over gropristningar og billedristningar. Dei rikaste skålgropområda ligg i indre Sogn, Valdres, Ullensvang og Lista; dei rikaste billedristningsområda ligg i Stjørdal, Steinkjer, Jæren og Skjeberg.

I bergkunstlitteraturen vert uttrykka bergkunstlokaltet og bergkunstfelt brukte på litt ulike måtar, i enkelte tilfelle faktisk med motsett tyding. I seinare tid er konsensus vorte meir tydeleg når det gjeld terminologien, og eg vil i tråd med den bruke lokalitet om eit logisk avgrensa nærrområde med ristningar, der den enkelte stein, bergflate eller del av bergflate utgjer eit felt. Meir om denne diskusjonen sjå Innselset 1995.



Figur 2. Gropristningar i indre Sogn og Valdres. Det går tydeleg fram av kartet at ristningane ligg tettast i Luster. Filefjell og Årdalsfjella ligg i grenseområdet mellom dei to regionane.

Det som særmerkar bergkunsten i indre Sogn og Valdres er som nemnt at der finst berre gropristningar. I dag er det kjent 37 ulike lokalitetar i Valdres og 71 i indre Sogn, med høvesvis 62 felt med 730 groper og 210 felt med 2748 groper. Dette er tal som fort kan endre seg ved nye funn av gropristningar. Som kartet (Fig. 2) viser ligg



Figur 3. Svært mange av gropristningane ligg på toppen av svære flyttblokker. Den over 2 meter høge og 4 meter breie Verssteinen i Rødalen i Vang er i dag mosegrodd og har mellom 20 og 40 skålgroper på den lett skrånande toppen. Under steinen er det opning frå vest inn til eit rom på 4 kvadratmeter med ei takhøgde på 1,5 meter. Bjørn Hougen tok eit negativt prøvestikk her i 1938. I området rundt ligg 9 tufter, 15 røyser og 4 kolmiler, alle udaterte.

gropristningane i Sogn i dei indre kommunane Vik, Aurland, Lærdal, Luster, Sogndal og Leikanger. I Valdres er ristningane konsentrert til dei to vestlegaste kommunane Vang og Vestre Slidre med enkelte «utstikkarar» i nabokommunane Øystre Slidre (ein lokalitet) og Nord-Aurdal (fire lokalitetar).


I Sogn førekjem det ofte at groplokalitetane har mange felt, men i Valdres er det meir uvanleg. Den største lokaliteten er faktisk den som ligg lengst mot vest, Opdalstølen ved Tyinkrysset opp mot Filefjell. Der er tolv større og mindre flyttblokker og jordfaste steinar samt enkelte svaberg med groper, i tre klynger, spreidde over eit stølsområde. Også i Sogn ligg dei store lokalitetane i høgdeområda ovanfor dagens bygder, i det som er eller har vore støls- og beiteområde. Svært mange av gropristningane er utførte i fyllittiske bergartar, og ristningane kan derfor ha eit ganske «røft» uttrykk. Dei er utsette for vitring og oppfising, og i mange tilfelle er dei hogne i enorme, rufsete flyttblokker (Fig. 3). I enkelte tilfelle finn vi gropristningar på ulike forekomstar av sandstein og andre finkorna bergartar, men dei er meir uvanlege. Det er derfor uråd å finne hoggespor i gropristningane her slik som det kan vere mogleg i andre område. Dette gjer at det er svært vanskeleg, ja i mange tilfelle uråd, å seie definitivt at gropa er laga intensjonelt. Vi må rekne med at ein del av gropene kan vere danna ved naturlege prosessar; både mekanisk og kjemisk vitring kan danne groper, likeså vegetasjon, så det er viktig å vise varsemnd ved registrering av skålgroper (Innselset 1995:11-14). Dessverre finst det så langt ingen sikker metode for å skilje mellom naturlege og menneskelaga groper, og i enkelte tilfelle har denne erkjenninga ført til at «reine» skålgropfelt ikkje vert inkluderte i oversiktar over bergkunst (Shee Twohig 1981:54).

Datering av gropristningar

Dei reine gropristningane er dei vanskelegaste ristningane å datere. Reint figurativt kan skålgropa ikkje samanliknast med daterbare gjenstandar slik som det er tilfelle med mange motiv i jordbruksristningane, sjølve gropforma kan bety alt eller ingenting. Heller ikkje strandlinedatering kan vere til hjelp for dei aller fleste reine gropristningane ettersom dei ligg høgt over eldre tidars strandliner. Skålgropa som motiv førekjem i mange ulike kontekstar både topografisk, geografisk og kronologisk. I det norske materialet finst det enkelte groper innanfor steinalderristningane, men skålgropa er ein så integrert del av motivkrinsen på bronsealdersristningane at det vert rekna som ein del av det komplekset og datert på den bakgrunnen. Det faktum at skålgroper også kan opptre i mellomaldersk grav- og kyrkjekontekst kompliserer bildet til dels, likeså at reine gropfelt i mange tilfelle ligg nær hustufter frå jernalderen. Berre ein skålgropstein i undersøkingsområdet ligg som del av eit daterbart fornminne (Fedje i Vik), men er likevel ikkje sikkert datert.

Skålgropmotivet

Sjølv om gropristningane er ganske stereotype, så kan den enkelte skålgropa framstå på mange ulike måtar. Storleiken på gropene varierer sterkt, men hovudtyngda har ein diameter frå 1 til 8 cm. Ei «normal» skålgrop er i følgje Glob (1969:12) om



Figur 4. Den store gropsteinen på Einangfeltet har mange samanbundne eller doble groper. Alle linene mellom gropene er mykje grunnare enn sjølve gropene. Ingen andre felt i undersøkingsområdet har så mange doble groper. Detalj.

lag 4-5 cm vid øverst og frå nokre få millimeter til ein cm djup. Enkelte groper kan verte mykje større og djupare. Ettersom dei fleste gropristningane i Sogn og Valdres er tildanna i fyllittiske bergartar har vitringa vore svært aktiv slik at dei fleste er både større og djupare enn dei var opphavelg. Majoriteten av skålgropristningane består av runde groper. I Valdres er 92,7 % av gropene runde, i indre Sogn er det tilsvarande talet så høgt som 97,4 %. Enkelte groper kan vere ovale, men det er meir uvanleg. Berre i underkant av 2 % av ristningane i Valdres/indre Sogn er ovale. Den tredje motivvarianten er samanbundne groper. To eller fleire groper kan vere knytte til kvarandre med renner, og rennene er i regelen smalare og grunnare enn gropene dei er bindelekk mellom (Fig. 4). Slike samanbundne groper er vanlegare i Valdres enn i Sogn, med 5,6 % mot 1,5 %.

Skålgroper som ligg på figurristningsfelt kan ofte gå inn i komposisjonar eller til og med danne eigne motivgrupper, men det er uvanleg å sjå slike formasjonar på dei «reine» gropfelta. Det finst enkelte tilfelle der fleire groper saman kan forme til dømes ein vinkel/trekant (Stedjestølen i Vik) eller tilnærma stjernebiletet *Karlsvogna* (Ulvestad i Vestre Slidre), men det er unntak. Det svenske ristningsmaterialet viser derimot eit mykje større omfang av komposisjonar danna av skålgroper, og der er det også meir vanleg at mange groper er samanbundne med innfløkte system av renner. Det svenske materialet er i det heile mykje meir talrikt og variert enn det tilsvarande norske.

Skålgropristningar i kontekst

I norsk samanheng er det rimeleg å dele inn gropristningane i fire hovudkategoriar.

1. På ristningsfelt saman med andre motiv eller som reine gropfelt i område med billedristningar.
2. På reine skålgropfelt i område utan billedristningar.
3. I gravkontekst.
4. Portable gropristningar.

Den første kategorien er den største; så godt som alle område med jordbruksristningar i Noreg har også skålgropa som eit integrert motiv. Talet på groper i forhold til andre motiv varierer imidlertid sterkt mellom dei ulike ristningsområda. Til dømes har det rike ristningsfylket Østfold få reine gropfelt samanlikna med billedfelt, og der er endå færre reine groplokalitetar. Gropene utgjer derimot ein svært høg prosentvis del av motiva på dei østfoldske billedfelta, i Skjeberg er denne prosentdelen nærare 80 %. Av den samla motivmengda på 2583 figurar er 1962 groper (talmateriale frå Haug 1995).

Den andre kategorien er ikkje så omfattande. Det kan kanskje vere grunnlag for å diskutere dei kriteria som ligg til grunn for definisjonen av slike område, men det viktigaste kriteriet er avstand til nærmaste billedristning. Avstanden må vere stor og iaugefallande, men det er ikkje definert ein absolutt minsteavstand. I denne gruppa plasserer eg først og fremst indre Sogn og Valdres, som begge har mange lokalitetar over store område. Det finst fleire reine groplokalitetar i indre område på Austlandet, men der er samanlikningsvis få lokalitetar og få felt. Grunnen til det kan vere manglande registrering, eller det kan vere eit reelt bilde av situasjonen.

Den tredje kategorien er ein særkategori under både den første og den andre. Skålgropa er eit vanleg symbol i gravkontekst, på ulike måtar. Gropene, åleine eller saman med andre symbol, kan vere innhogne på heller som er ein del av gravkammeret, eller dei kan vere på lause steinar i røysfyllen. Det er svært uvanleg å finne andre motiv på desse lause steinane. Hovudtyngda av ristningshellene her til lands er funne på Jæren, og elles er der spreidde forekomstar langs vestkysten av Noreg frå Vest-Agder og nordover til Nord-Trøndelag, i Østfold og Oslo (Syvertsen 2003:2). Ein definisjonsmessig meir problematisk gravkontekst er der ristningar ikkje er ein integrert del av grava. I dei tilfelle der ei gravrøys er oppført heilt eller delvis over ei ristning er samanhengen tydeleg, men når ristninga ligg utan fysisk kontakt med gravminnet er det meir komplisert. Kate Iren Jellestad Syvertsen seier i ein heilt ny studie av gravristningane i Rogaland at denne sistnemnde gruppa fell utanfor hennar definisjon av gravristning (Syvertsen 2003:29). Som eg vil kome tilbake til seinare så er det nesten utelukkande denne varianten vi finn i dei reine gropområda.

Den fjerde og siste kategorien, portable skålgropsteinar, er liten, lite utforska og knapt nok erkjent i det arkeologiske materialet. Gro Mandt (1991:582) har registrert ein

slik stein på Sunnmøre, men i tilvekstlistene ved dei ulike musea er det omtala mange gjenstandar som ved nærare gransking *kan* vise seg å vere bærbara gropristningar. Dette er rullesteinar og liknande som har ei eller to groper, så langt eg kjenner til aldri fleire. Denne gruppa er heilt klart svært samansett, gropene kan i mange tilfelle vere halvferdige skafthol, men vi skal ikkje sjå bort frå at enkelte kan vere symbol. Tilsvarande danske steinar kan ha mange groper, opptil 11 (Glob 1969:128).

Groper og graver

Det rår ingen tvil om skålgropa som eit symbol brukt i gravkontekst. Så langt tilbake som vi kjenner til graver finn vi døme på skålgropsymbolot som del av gravminne, i ulikt omfang og på ulike måtar, åleine eller saman med andre ristningsmotiv. Dei eldste kjende i europeisk samanheng stammar frå *paleolitikum*. I La Ferassie i Frankrike vart det tidleg på 1900-talet funne ein gravplass med restar etter Neandertal-menneske. Ei barnegrav låg under ei trekanta kalksteinhelle, i eit lag datert til Mousterien (70000-38000 f.Kr.). På undersida av hella var der elleve små skålgroper. Fleire slike funn andre stader i Frankrike stadfestar skålgropa som symbol brukt i gravsamanheng i paleolitikum (Schwegler 1992:10,58). Tradisjonen held fram i *neolitikum*. I talrike irske, skotske og engelske megalittgravkammer opptre skålgropa i store mengder saman med ringar og renner og andre geometriske symbol. Richard Bradley daterer dei nordbritiske ristningane til ca 3000-1500 BC (1994:96). Kring 4 % av alle danske dysser/jettestuer har skålgroper (Glob 1969:119), og det samme har fleire av dei svenske storsteingravene (Bertilsson 1989:33,36). Dei eldste norske gravristningane med groper stammar frå *eldre bronsealder*, dei aller fleste er frå gravhaugar på Jæren (Fett & Fett 1941; Syvertsen 2003). Haugane på mellom anna Austre Bore i Klepp samt Myklabust og Rege, begge i Sola, har ristningssteinar som del av konstruksjonar i haugen, dei fleste som del av sjølve gravkammeret. I dei tilfelle der det finst gode funnopplysningar vender ristningane inn mot kammeret. Gravristningar som kan daterast til *jernalder* har eit anna «uttrykk» enn dei eldre. I staden for å vere del av sjølve gravkammeret finn vi dei på lause steinar i haugfyllen, som del av konstruksjonar utanom sjølve kammeret (Randers 1988; Syvertsen 2003) eller på steinar eller bergflater nær gravene. Også ved eller i enkelte norske gravfelt frå jernalder ligg gropristningar, til dømes Einangfeltet i Valdres og Bjørkeflaten i Luster. Skålgroper frå jernalders gravhaugar er ofte funne i ein slik kontekst at det er vanskeleg å seie definitivt om dei er ein del av sjølve gravritualet. Det kan vere tilfeldig at dei er der, men omfanget av slike funn tyder nok helst på at bruken ikkje er tilfeldig. På fleire av dei «heilage kvite steinane», fallossteinane, finst skålgroper (Marstrander 1963:300; Solberg 1999), men der er ingen funn av slike i granskingsområdet. Det er dessutan kjent eitt tilfelle der ein bautastein har ei skålgrop i øvre enden (Flåm i Aurland). Enkelte gravkistesteinar frå mellomalderen på Vestlandet (Vangsnes kyrkje i Vik og Åkra kyrkje i Kvinnherad) ber skålgroper som har ei slik plassering at dei truleg har kome der etter at steinen vart forma til gravstein (Mandt 1991:357). På kyrkjegardsmuren ved Eidfjord kyrkje i Ullensvang ligg den såkalla «Liksteinen», ei

tilhøgd naturleg helle med 52 groper der dei i eldre tid plasserte kista medan grava vart gjort klar (Mandt 1991:80,85,195). Symbolet er det same, men det er lite logisk å tru at det er den same tanken som ligg bak innhogginga av skålgroper i alle desse tilfella.

Det er kjent berre eitt konkret tilfelle der det er funne gropristningar i gravrøys frå indre Sogn, og ingen i Valdres. Ein del av dei kjende gropristningane ligg likevel i ein topografisk kontekst som rettferdiggjær at dei vert definerte som sannsynlege gravristningar. Dette er rettnok ei tolking som strir mot Syvertsen sitt syn (sjå ovanfor), men som eg vil demonstrere kan det kan vise seg å vere eit fruktbart perspektiv å nytte i dette geografiske området. Melanie Wrigglesworth har nyleg gjennomført ein analyse av graver og ristningar i Askvoll, og ho ser det der som heilt klart at der er ein samanheng mellom dei to kulturminnetypane sjølv om dei ikkje er direkte inkluderte i kvarandre (Wrigglesworth 2000:101 ff). I hennar analyse er det snakk om billedristningar, men det same premisset må kunne vere gjeldande for gropristningar.

Både Wencke Slomann og Bjørn Hougen (Hougen 1936:196, 202) kommenterer den samanfallande distribusjonen mellom ein del av gropristningane i Valdres og gravrøysar frå eldre jernalder. I følgje Slomann ligg gropsteinen på Einangfeltet «i god kontakt med graver» (Slomann 1971:56), og det same gjer ristningane på Solheim, Ulvestad, Røn, Skåren og Snorheim, alle i Vestre Slidre. Desse ristningane ligg alle langs den solrike vestvende dalsida like ovanfor dagens sentrum, i det same området der det ligg fleire gravfelt frå jernalderen. Eitt av dei er Einangfeltet, det store branngravfeltet som var i bruk frå om lag 325 til om lag 851 e.Kr. I alt 616 gravrøysar fordeler seg på dette og eit mindre felt som ligg like ved. Fleire av dei store gravrøysane har gitt rike funn, mellom anna ei våpengrav frå romertid som inneheldt eit sverd med romersk produksjonsstempel (C 15671-79) og ei kvinnegrav frå tidleg 300-tal e.Kr. (B 3660). På ei av røysane i nærleiken står den såkalla Einangsteinen, ein runestein frå 300-talet som står på sin opphavslege plass. Knappt 300 m nordnord aust for runesteinen ligg ein lav skrånande jordfast stein med 104 skålgroper, godt innafor grensene for gravfeltet. Ristningane på Solheim (Oppslidre) ligg også i eit område med fleire fjerna gravhaugar som skal ha gitt funn frå eldre jernalder. Ristningane ligg der på eit lavt svaberg midt i dagens dyrka mark, med i overkant av 50 groper, og mellom ein del av gropene er det høg ut renner (Fig. 5 og 6). Ein jordfast stein med ni groper låg i ein annan del av gravfeltet. På Røn hadde ein gropstein ei opphavsleg plassering ved foten av ein gravhaug. Steinen er no borte. Gropsteinane på Snorheim låg ikkje så langt frå eit par små gravhaugar (steinane er no flytta), og under jordarbeid vart det funne ei våpengrav frå tidleg 3. årh. e.Kr. med spannforma leirkar (C 24329) (Slomann 1971:66). På Ulvestad ligg gropsteinen like ved restane av ei mogleg gravrøys, og litt lenger borte ligg ein gravhaug (Hougen 1936:202).

Også i Vang finn vi gropristningar i nærleiken av gravrøysar. På nordsida av innsjøen Vangsmjøsa ligg fleire slike lokalitetar. I eitt tilfelle ligg ei udatert gravrøys med utkasta




Figur 5. Skålgropristningane på Solheim under Prestegarden i Vestre Slidre. Ristningane ligg midt i eit område med gravrøyser, og fleire gropsteinar i nærleiken har vorte fjerna.

midtparti berre 5 m frå eit bergsua med 17 groper. Tre gropsteinar på Hamre, som no er fjerna, låg i nærområdet til det eldste gravfunnet frå eldre jernalder i Vang, ei skjelettgrav med to leirkar, rosettfibel, gullfingerring og ravperler (C 21352). Slomann (1971:73) daterer denne ubrende kvinnegrava til rundt 250 e.Kr.

Stort sett det samme mønsteret finn vi att i Sogn. I Vik ligg to svære gropsteinar ovanfor tuna på Seim. Steinen på Vatnadalsteigen har 17 groper og den på Halvteigane har 22 groper, dei ligg like ovanfor ein fjerna gravhaug som inneheldt ei mannsgrav frå yngre jernalder (B 8102). Ein gullfingerring frå eldre jernalder (C 3816) er funnen ikkje langt frå gardstunet, i mogleg gravkontekst. I følgje tradisjonen skal det vere funne fleire flatmarksgraver under helle, med leirkar, men det er ikkje bevart noko funn derfrå. På Hovsteigane i Vik låg ein gropstein 12 m frå ei gravrøys, og i det samme området ligg fleire røyser med mellom anna eldre jernalderfunn. Gropristningane på Saude i Luster ligg i eit område med minst ni gravrøyser. Det store svaberget med over 80 skålgroper, kalla Bjørkeflaten, ligg midt i gravfeltet (Fig. 7 og 8). Ei av røysene, Sæmingrøysa, inneheldt fire vestlandskjelar med brende bein og ei spelebrikke av bein (B 321, B 1576), og sju andre røyser er også mest sannsynleg frå jernalder. Bøe hevdar at Sæmingrøysa må vere bygd i bronsealderen, og at gravfunna frå jernalder representerer sekundære gravleggingar (Bøe 1944:177).

Om lag 100 m frå denne røysa vart det i mellomalderen reist ei stavkyrkje som vart reven rundt 1660, og der skal også ha vore ein tilhøyrande kyrkjegard på nedsida av gravrøysa. Skålgropene på Flahamar ligg også i eit område med gravrøyser, likeså ligg




Figur 6. Kalkering av gropristningssvaberget på Solheim. Alle linene byrjar og sluttar med groper, og det er truleg at forma på «figurane» er diktert av gropene. Det skraverete feltet nederst på den eine «figuren» ligg lavare i berget enn resten, den stipla lina markerer eit gammalt avslag i berget. Desse ristningane har ingen parallell her til lands. Den opne bergflata er i dag 6,1 meter lang og 4,5 meter brei.

ein laus gropstein med 21 groper på ei oppmuring like ved tre gravrøyser på Sørheim, alt i Luster. I gravrøysa som ligg nærmast gropsteinen skal det vere funne leirkar og sverd, men dei er ikkje tekne vare på. Slike lause steinar med mange skålgroper er det funne fleire stader i Luster, mellom anna fleire på Saude og på Skildheim. Det er uråd å vite ut frå funnopplysningane om desse steinane opphavsleg har vore inne i gravrøyser.

Det einaste kjende tilfellet i undersøkingsområdet der det er funne gropstein i gravrøys kjem frå garden Fedje (Feios) i Vik (Fig. 9). Gravrøysa inneheldt graver frå både eldre og yngre jernalder, og hella (B 8029) med 19 groper låg truleg laus i




Figur 7. Allereie i 1881 fann Bendixen mose og avskallingar på gropberget på Saude. I dag er vegetasjonen kring Bjørkaflaten tettare og mosedekket tjukkare, men svaberget ligg godt synleg i røysfeltet. Skålgropene ligg frå det høgaste punktet på berget og vidare utover dei sentrale delane av berget mot venstre.



Figur 8.
B.E. Bendixen si kalkering av skålgropsvaberget Bjørkaflaten på Saude i Luster. På ei flate som var om lag 8 meter lang og 7,5 meter brei fann han 59 skålgroper. I nærområdet låg fleire gravrøyser, ei av dei hadde gitt rike funn frå eldre jernalder.

flyllmassene. Steinen som måler 96 x 63 x 11 cm låg ved den sørlege kanten av røysa, like ved branngrava frå eldre jernalder (B 8030). I grava låg mellom anna leirkar, glass, beinteringar og ein beinkam.

Ved ein gjennomgang av materialet ser det faktisk ut som om dei aller fleste gropristningane som ligg i dagens busette område, både i Valdres og indre Sogn, ligg i



Figur 9. Grophella frå gravrøysa på Fedje (Feios), Vik i Sogn. Bergarten er skifrig med små granatar, og grophella ser ikkje ut til å vere fasonghogd. (foto: Bergen Museum)

meir eller mindre nær kontakt med graver frå jernalder. Sjølv om mange av gravrøysene ikkje er daterte tyder resten av funnmaterialet på at hovudtyngda av gravene stammar frå eldre jernalder. Mangelen på funn av gropsteinar frå sjølve gravminnene kan ha sin årsak i utgravingsmetode. Det har høgst sannsynleg ikkje vore tradisjon på 1800- og tidleg 1900-tal for å undersøke byggematerialet i gravrøysene, fokus låg helst på sjølve grava. Også i nyare tid har gropsteinar vorte oppdaga tilfeldig under utgraving, noko som vert illustrert ved funnet av ein slik stein i Sakrishaugen på Voss (Randers 1988:31). Det er derfor høgst relevant å rekne med at det må ha vore meir vanleg med gropsteinar i gravrøyser enn det som er dokumentert, også i dette undersøkingsområdet.

Groper og beite eller groper og stølsdrift

Svært mange av skålgroplokalitetane ligg i stølsgrender frå nyare tid, i område som kan vere nedlagde stølar eller i tufteområde som kan vise tilbake til andre typer utnytting av området. I Valdres gjeld dette om lag 67 % av felta og i indre Sogn for nesten 85 % av felta. Det er vanskeleg å sjå nokon felles trekk når det gjeld plasseringa av eksisterande stølshus og gropsteinar i forhold til kvarandre på stølsområdet, men det er vel heller ikkje å vente med så stor skilnad i tid. Gropristningane låg i utgangspunktet opne for sol og med vid utsikt, men dei ligg i dag like gjerne under, bak og mellom eksisterande stølshus.

Mange skålgroplokaliteter i Sogn ligg nær andre daterbare fornminne som tufter og kolgroper (kokegroper). Systematiske vassdragsregistreringar tidleg i 1980-åra resulterte i funn av fleire slike «kompleks», dei fleste i Luster kommune, der gropsteinane ligg spreidde på nedlagde «stølvollar», men utan nokon påviseleg samanheng med dei andre strukturane (Randers & Kvamme 1992; Gustafson 1982). Kolgropene har i alle desse tilfella ei eldre datering enn dei nærliggande tuftene, dei fell stort sett innanfor ei dateringsramme frå yngre romertid til folkevandringstid (AD 315±85–535±85). Ei av kolgropene på Flatningane har gitt ei datering til yngre bronsealder (730±70 BC). Sjå tabellen for referanse til datering. Ei av tuftene gir datering til folkevandringstid/merovingertid, to har datering til merovingertid/vikingtid medan resten er frå tidleg- og høgmellomalder. Alle tuftene har dermed dateringar som tyder på at dei ikkje har nokon direkte kronologisk samanheng med kolgropene, men vi må ta atterhald for at dette er registreringar og ikkje fullstendige undersøkingar.

Tabell 1. Lokaliteter i stølsområde i Luster der det finst både skålgroper, daterte tufter og daterte kolgroper.

| Lokalitet | Tufter og kolgroper | Tal på gropfelt | Datert fornminne | Datering (kal.) | Referanse |
|---------------------------|--------------------------|----------------------------|------------------|----------------------------|-----------------------------|
| Åsete | 2 tufter 4 kolgroper | 15 felt ca 200 groper | kolgroper | 1650 ±60 BP (AD 315±85) | Gustafson 1982:14,30 |
| Stordalen | 4 tufter 5 kolgroper | 7 felt ca. 170 groper | kolgrop | 1600±70 BP (AD 380±100) | Randers & Kvamme 1992:57 |
| | | | tuft | 1410±80 BP (AD 560±100) | |
| Kringlo, Kringlehaugen | 8 tufter 15 kolgroper | 1 felt 25 groper | kolgrop | 1440±70 BP (AD 535±85) | Randers & Kvamme 1992:61 |
| | | | tuft | 790±70 BP (AD 1165±75) | |
| Bjønnvollane | 8 tufter 1 kolgrop | 2 felt 20 groper | tuft | 1230±80 BP (AD 680-890) | Randers & Kvamme 1992:63 |
| | | | tuft | 1160±70 BP (AD 780-970) | |
| Flatningane | 4 tufter 12 kolgroper | 15+ felt ca. 130 groper | kolgrop/ mile | 2510±50 BP (730±70 BC) | Randers & Kvamme 1992:55 |
| | | | tuft | 600±70 BP (AD 1325±65) | |
| Tuftene (Engjadalen) | 6 tufter | 6 felt 87 groper | tuft | 860±60 BP (AD 1120 ±90) | Randers & Kvamme 1992:53 |
| | | | tuft | 830±50 BP (AD 1145±75) | |

Den mest systematisk undersøkte lokaliteten med skålgroper, tufter og andre kulturminne ligg på Svolset i Friksdalen i Leikanger kommune. Her undersøkte Bente Magnus tidleg i 1980-åra eit område med 4 skålgropsteinar og 12 tufter, der tuftene vart daterte til om lag 600-900 e.Kr. I tillegg vart det registrert over 50 kolgroper. Pollenprøver frå området viste rydding av skogen mot slutten av bronsealderen, og fleire kolgroper hadde dateringar frå 660±150 BC–AD 385±95 (Magnus 1991). Dette bildet har vorte meir nyansert gjennom ei utvida gransking utført av Marit

Anita Skrede (2002). Talet på registrerte gropsteinar har auka til 10, talet på tufter har auka til 16, og dateringa er utvida til å dekke heile perioden frå romertid til vikingtid. Skrede har dessutan funksjonsbestemt tuftene til både uthus og stølsbus, og fleire av tuftene er samtidige innanfor sin periode og viser dermed ulike bruksfasar av området (2002:70). Ho finn imidlertid ei tradisjonell datering av gropristningane på Svolset til bronsealder lite sannsynleg, ho meiner at den nære romlege samanhengen med tuftene tyder på at gropene må vere hogne i samband med rituelle handlingar knytte til oppføringa og bruken av dei eldste tuftene (Skrede 2002:74).

På bakgrunn av denne typen undersøkingar, og på bakgrunn av den topografiske plasseringa av dei reine gropristningane på historiske stølsvollar, har det vorte vanleg å knyte skålgropene til oppkomsten av stølsbruket. Men alderen og oppkomsten av stølsbruket i Noreg har vore heftig debattert både blant historikarar og arkeologar. Historikaren Lars Reinton hevda at stølsbruket kom hit til lands som eit nokolunde ferdig system med indoeuropeiske innvandrarar, med stridsøkskulturen (Reinton 1961:15,18,46). Gropristningane er i følge han dei eldste arkeologiske spora etter stølsbruket på Vestlandet, basert på gropene i Luster som Bøe hadde datert til bronsealder (Reinton 1961:55). Frå indre Sogn skal så dette stølsbruket ha spreidd seg vidare austover til øvre Valdres, Hallingdal og Gudbrandsdalen. Andre historikarar som Jørn Sandnes meiner at fjellområda først vart tekne i bruk som slåttemarkar (bortsett frå jakt), deretter til beite, og at stølsbruket var fullt utbygt i høgmellomalderen med røter før vikingtid (Sandnes 1989:18). Ved ein gjennomgang av materiale kring stølsdrifta i Noreg er det uråd å finne ein generell tendens som viser ein samheng mellom stølar og gropristningar. Dersom så var tilfelle ville det vere logisk å forvente ein mykje vidare distribusjon av skålgropristningar utover resten av landet. I til dømes øvre deler av Hallingdal finst det ingen skålgroper, og dei er svært så sjeldne i Gudbrandsdalen, begge områda har rike stølstradisjonar, så koplinga mellom gropristningar og stølsbruket er i beste fall heller tynn. For å finne den moglege bakgrunnen for gropristningane er det nødvendig å søke langt lenger tilbake i førhistoriske system.

Skålgropa som symbol i ein tidleg pastoral økonomi

Arkeologiske undersøkingar i Årdalsfjella på 1980-talet legg grunnlaget for ein modell som utfyller, nyanserer og for så vidt står i ei mellomstilling mellom dei to synspunkta på oppkomsten av stølsområda, utan å tidfeste det historiske stølsbruket. Resultatet av desse granskningane er mest samanfattande publisert av Christopher Prescott (1991; 1995). Undersøkingområdet ligg inst i Sognefjorden, i utmark og fjell mellom gropristningsområda i Sogn og Valdres. Her er ingen kjende gropristningar, men det er likevel ingen grunn til å tvile på at bruken av Årdalsfjella kan samanliknast med bruken av tiliggjande fjellområde i førhistorisk tid. Eg vurderer det derfor som legitimt å bruke resultatane frå undersøkingane der som ein fruktbar analogi for tolking av dei geografiske nærområda (jf. Innselset 1995). På bakgrunn av det rike og varierte arkeologiske materialet frå dei to store prosjekta i Nyset-Steggje (1981-87) og



Figur 10. På Navarsete i Luster ligg det talrike gropristningar i eit saftig beitelandskap.

Skrivarhelleren (1987-89) har Prescott definert ein dynamisk tolkingsmodell for Årdalsfjella for perioden seinneolitikum til tidleg førromersk jernalder. Av dei kring 135 førhistoriske lokalitetane vart 21 daterte til seinneolitikum, bronsealder eller første halvpart av førromersk jernalder. Pollenanalyser viste beitepåverknad tilbake til bronsealder, kanskje endå eldre. Lokalitetane frå seinneolitikum eller yngre låg nær sikre stølsområde frå jernalder/nyare tid, dei eldre lokalitetane hadde ein heilt annan distribusjon. Dette tyder på at «the common denominator for at least Bronze Age to Post-War sites seems to be transhumant use of the summer pastures» (Prescott 1991:38). Det var beitet for husdyra som var det viktige i bruken av området (Fig. 10). Det var ikkje den åkerdyrkande, stadbundne bonden som heldt til i dei indre fjordstrøka, men derimot den mobile dyreeigaren som utnytta alle ressursar frå fjord til fjell. Prescott ser for seg eit samfunn der dyrehaldet var det berande elementet i økonomien, eit pastoralt levesett som var særleg tilpassa dei vestnorske naturtilhøva. Det utvikla fehaldet som utnytta alle ulike aspekt ved husdyra, som mjølk, blod, ull og trekraft, kom til Sørvestlandet frå Jylland i seinneolitikum. Det kom med innvandrarak som førte med seg ein ideologi, eit tankegods, ein materiell kultur og levemåte knytt til Klokkebeugerkomplekset, og spreidde seg gradvis til andre deler av Vestlandet (Prescott 1995 i Innselset 1995:91).

Den diakrone analysen av materialet ga grunnlag for ein modell for bruken av området. I den tidlegaste perioden, i seinneolitikum/tidleg bronsealder, skifta folk mellom to sesongbuplassar. Om vinteren heldt dei til nede ved fjorden, og resten av året heldt dei til i den subalpine sona der dei utnytta dei rike utmarksbeitane. I siste del av eldre bronsealder tyda materialet på ein minkande bruk av utmarksressursane. I yngre bronsealder/tidleg førromersk jernalder tok bruken av fjell og utmark seg opp att, og vart snart sterkt intensivert og meir differensiert. Vinterbasen låg framleis i lavlandet, men sommar/haustbasen låg høgare til fjells enn tidlegare. Ein vårbase vart lagt i den subalpine sona, dermed vart det mogleg å utnytte dei gode beita maksimalt. Med vårbeiting i utmarka og sommar- og haustbeiting på dei saftige, feite beita heilt oppunder høgfjellet var dyreeigaren sikra tilgang på friske ressursar. Dyreflokken er kapitalen i ein pastoral økonomi, der sikker tilgang på fôr er ein minimumsfaktor for å lykkast.

Kan det vere i dette tidlege samfunnssystemet at skålgropene først kom til å spele ein sentral rolle her til lands? Kanskje vart dei brukte i ein konflikt mellom nykomarar som livberga seg ved plasskrevjande dyrehald og dei «gamle» som allereie var der, dei som brukte fjell og utmark til fangst, fiske og sanking? Eller var skålgropristningane lekk i eit rituale som skulle «domestisere» det ukjende ville landskapet, trekke det inn i den kjende, trygge verda? Ristingar kunne forsterke naturlege plassar, kunne skille dei ut frå andre plassar, «its creation placed a cultural mark on the *natural features* of the terrain» (Bradley 1994:96). Dersom det *var* nye folk som utvikla den spesielle pastoralismen som vi ser konturane av i Årdal, så møtte dei der eit landskap som var heilt annleis enn både Jylland og Jæren. Med økonomisk basis i husdyr

vart dei konfronterte med eit bratt, vilt, skogkledd naturmiljø som gjennom lang tid hadde vore brukt av grupper med ein annan tilpasningsmåte. Det ville i ein slik samanheng vere naturleg å sjå gropristningane som ei fysisk manifestering av heile dette komplekset: Behovet for å trygge landskapet for å sikre bruken av det på den eine sida og behovet for å markere bruksrett i forhold til dei som disponerte området tidlegare på den andre.

Det er eit typisk trekk ved alle gropristningane at dei ligg i ope lende, fritt eksponert mot sol og himmel og med vidt utsyn over området rundt eller mot andre gropristningslokalitetar. I seg sjølv er gropristningane lite spektakulære, men vi kjenner ikkje til den krafta som opphaveleg låg i dei. Vi kan på ingen måte tenke oss dei rituale som må ha vore ein del av hogginga av gropene og som kanskje vart repeterte årleg eller ved visse høve. Vi veit heller ikkje om der var konstruksjonar som markerte gropristningane på nokon måte, eller om krafta som låg i gropene var tilstrekkeleg til at dei «fungerte» og var synlege for folk. Vi veit ikkje om dei hogg gropene *for* seg sjølve eller *mot* dei andre, eller kanskje var det ei blanding.

Skålgropa som symbol gjennom lang tid

Det er som nemnt tidlegare vanskeleg å datere helleristningar på grunnlag av topografisk nærliggande strukturar, og dette gjeld kanskje i endå større grad gropristningane. Det er eit faktum at gropsymbolet var sporadisk i bruk allereie i steinalderen også på Vestlandet (Mandt & Lødøen 2005), og alt tyder på at i alle fall bruken av skålgropsymbolet var fast fundert også i eldre jernalder. Korvidt det vart produsert nye skålgroper også i jernalderen må vere eit ope spørsmål, men det er rimeleg å rekne med at det føregjekk både ein gjenbruk av eldre ristningar og ein viss ny produksjon. På enkelte av dei heilage kvite steinane frå siste del av eldre jernalder er det hogd groper (Solberg 1999:104). Desse gropene kan vere på toppen, under botnen eller på sida av steinen. Gropa under botnen kan kanskje tolkast som eit funksjonelt trekk, som del av ein støttefunksjon dersom steinen har stått på eit slags stativ. Gropa på toppen kan kanskje tolkast som eit reint avbildande trekk, men gropene på sida av steinen er utan tvil motiv med eit symbolinnhald. Også det sjeldne tilfellet med ei skålgrop i toppen av ein høg bautastein i Flåm er eit sikkert på prov på fortsatt bruk av symbolet. Vi må sikkert rekne med at gropa vart hogd inn i bautasteinen, ikkje at steinen vart henta frå eit berg der det allereie var ei grop.

Det er eit mogleg scenario at gropristningane var dei eldste jordbruksristningane, og at dei i dag viser utbreiinga av den første jordbruksekspanjonen her til lands. I kystnære område frå Nord-Trøndelag og vidare til svenskegrensa ligg billedristningane som eit yngre lag og tilslører den opphavelege situasjonen. Av ein eller annan grunn har ikkje denne yngre ristningstradisjonen fått feste i indre strøk av Sogn, Hardanger og øvre deler av Valdres. Dei gropristningane som vi finn i desse «reine» områda kan kanskje alle vere frå denne tidlege fasen, dei vart i så fall produserte gjennom eit forholdsvis avgrensa tidsrom og kan dermed vise til ein suksessiv ekspansjon i dei

aktuelle utmarksområda. Dei høgastliggande ristningane kan då vere eit resultat av intensiveringa av beitebruken i fjellområda i yngre bronsealder og tidleg førromersk jernalder. Om så er tilfelle vil vi frå romertid og utover stå overfor ein *gjenbruk* av gropristningane, både i gravkontekst og beitekontekst.

Dei reine gropristningane som ligg i busette område i dag låg høgst sannsynleg i nærleiken av den faste busettinga i alle fall frå romertid, og kanskje endå tidlegare. Skålgropene må på den tid ha vore ein integrert og nedverd del av landskapet, og på bakgrunn av den gjentekne assosieringa av graver med gropristningar må vi formode at i alle fall enkelte overleveringar av det rituelle aspektet ved ristningane var levande. Vi skal heller ikkje sjå bort frå at gropristningane kunne innehalde forestillingar om hevdning av bruksretten til viktige utmarksområde, at gjenbruk av gropene knytte banda bakover attende i ættledda til forfedrane som først hevda retten til beitelandet.

I eit slikt perspektiv vil plasseringa av yngre stolar eller andre typer opphaldsstader for utnytting av utmarksressursar nær gropsteinar vere resultatet av eit tilfeldig samanfall av interesser. I dei ulike epokane var det dei gode beita som var den primære lokaliseringfaktoren, men gropsteinane kom tidlegast, i ein pionerperiode. Skrede argumenterer godt for at gropristningane på Svolset måtte vere oppretta samtidig med dei eldste bygningane, men etter mitt syn dei kan like gjerne ha vore der frå før. På Svolset var der beiteindikatorar frå yngre bronsealder, og mange av kokegropene har også datering så langt attende (Skrede 2002:98,100), så dermed *kan* skålgropene tolkast inn i ein kontekst saman med desse eldste kulturminna. Nettopp forholdet mellom gropsteinar og tufter er det mest problematiske, det er så langt uråd å fastslå korvidt ristningane er samtidige med tuftene eller ikkje. Men den interne distribusjonen av førhistoriske tufter og skålgroper på den enkelte lokaliteten viser tydeleg at dei må ha eksistert i eit felles referansesystem, tuftene ligg aldri i direkte konflikt med ristningane, og vi må derfor kunne gå ut frå at dei fortsatt gjekk inn i ein religiøs/rituell samanheng med røter attende i tid.

Mot ein konklusjon

Dei tilsynelatande homogene ristningane i indre Sogn og Valdres viser seg ved nærare gransking å vere svært varierte. Den ofte refererte samanhengen mellom stølsbruken og gropristningane kan ikkje underbyggast på nokon måte, ristningane høyrer inn i ein mykje eldre tradisjon når det gjeld bruken av området. Kor gammal denne tradisjonen er kan diskutert. På bakgrunn av forekomsten av skålgroper i både eldre og yngre steinalders kontekst er motivet sikkert datert så langt tilbake i tid, og eg har argumentert for at gropsymbolet kom i alle fall til Vestlandet og Valdres med dei første februkande jordbrukarane i slutten av yngre steinalder. Men det er ingen tvil om at skålgropa som symbol framleis var «erkjent» også i eldre jernalder, sjølv om det kan vere usemje om korvidt hogging av nye groper heldt fram som ein levande tradisjon. Samanhengen mellom gropristningar og graver i eldre jernalder synest vere ganske sikker, og i svært mange av tilfella ser det ut til at ristningane er

knytte til graver med rikt gravgods. Dette er ein tendens som kunne vere interessant å undersøke nærare ved eit anna høve. Den samtidige bruken av beiteområda viser også at gropristningane i utmarka vart haldne i hevd. Det er klart demonstrert ved at dei gamle tuftene på Svolset og andre stader aldri kjem i direkte konflikt med groppsteinane, men at det tvert imot ser ut til at det vart teke omsyn til ristningane ved oppføringa av nye hus. Skålgroper på fallossteinar og enkelte bautasteinar underbygger vidare symbolet si fortsatt levande kraft i eldre jernalder. Det er derfor på tide å slå fast at «stølsristningane» eller «høgfjellsristningane» i dei indre fjordane på Vestlandet og dei vestlege områda i Valdres er eit fenomen som er like samansett og variert, både når det gjeld kronologi, topografi og bruksområde, som resten av jordbruksristningane.

Summary

In some Norwegian regions the cup mark is the only rock art symbol. These so called «pure» cup mark regions, particularly in inner Sogn and Valdres, have traditionally been treated as a distinct kind of rock art phenomenon. Based on their topographical position they are repeatedly interpreted as an integrated element of the local shieling practices, and as a consequence of that they are dated to the Early Iron Age as opposed to the general Bronze Age date for the rest of the «farmers' rock art». This article challenges that view, and demonstrates that the actual situation is far more complex. A more profound study reveals that the cup marks are found in two distinct landscape contexts. A great number are located in the lowlands, in the close vicinity of or in Early Iron Age burial cairns, and an even greater number are found at higher altitudes, concentrated to good pasture land. The location of these last sites often coincides with Early Iron Age house sites as well as modern shielings. It is argued that the cup mark was introduced to the area by the Late Neolithic/Early Bronze Age pastoralists, and then later reused by the Early Iron Age population in an ancestral claim to the area.

Litteratur

- Bendixen, B.E. 1882. Antikvariske undersøgelser i 1881. *Aarsberetninger for 1881. Foreningen til Norske Fortidsmindesmerkens Bevaring*. 1881:15-25.
- Bertilsson, U. 1989. Hällristningar och bygden. I: Janson, S., Lundberg, E.B. & Bertilsson, U. (red.) *Hällristningar och hållmålningar i Sverige*, s. 29-42. Helsingborg.
- Bradley, R. 1994. Symbols and signposts - understanding the prehistoric petroglyphs of the British Isles. I: Renfrew, C. & Zubrow, E.B.W. (red.) *The ancient mind. Elements of cognitive archaeology*. New Directions in Archaeology, s. 95-106. Cambridge.
- Bøe, J. 1944. Høgfjellsristninger i Luster i Sogn. *Viking VIII*:169-181.
- Fett, E. & Fett, P. 1941. *Sydvestnorske helleristninger. Rogaland og Lista*. Stavanger.
- Glob, P.V. 1969. *Helleristninger i Danmark*. Jysk arkæologisk selskabs skrifter, bind VII. København.
- Gustafson, L. 1982. *Arkeologiske registreringer i Mørkri, Uta- og Feigumvasdrøget*. Arkeologiske rapporter 4. Bergen.
- Haug, A.C. 1995. Helleristninger, landskap og fortolkning. Et kontekstuel studie av ristningene i Skjeberg, Østfold. Upublisert hovedfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Hygen, A.-S. & Bengtsson, L. 1999. *Helleristninger i grensebygd. Bohuslän og Østfold*. Sävedalen.
- Hougen, B. 1936. Dags attegård og andre arkeologiske inntrykk fra en Valdresferd. *Tidsskrift for Valdres Historielag* 1936:193-205.

- Innselset, S.M. 1995. Skålgropristningar. Ein analyse av helleristingane i Valdres – distribusjon, kontekst og tid. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Larsen, G. M. 1972. *Bergbilder i Hordaland. En undersøkelse av bildenes sammensetning, deres naturmiljø og kulturmiljø*. Årbok for Universitetet i Bergen. Humanistisk serie. 1970. No. 2, s. 1-247. Bergen.
- Magnus, B. 1991. «Koen skider ikke smør i Sogn». *Arkeo* 1991(1):16-22.
- Mandt, G. 1991. *Vestnorske ristninger i tid og rom. Kronologiske, korologiske og kontekstuelle studier*. Bind 1 og 2. Dr. philos. avhandling, Universitetet i Bergen.
- Mandt, G. & Lødøen, T. 2005. *Bergkunst. Helleristingar i Noreg*. Oslo.
- Marstrander, S. 1963. Østfolds jordbruksristninger. Skjeberg. Bind 1 og 2. *Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter* 53. Oslo.
- Prescott, C. 1991. Late Neolithic and Bronze Age Developments on the Periphery of Southern Scandinavia. *Norwegian Archaeological Review* 24(1):35-48.
- Prescott, C. 1995. *From Stone Age to Iron Age*. BAR international series 603. Oxford.
- Prescott, C. 1995. Aspects of early pastoralism in Sogn. *Acta Archaeologica* 66:163-189.
- Randers, K. 1988. Sakrishaugen på Voss. Upublisert rapport ved Bergen Museum.
- Randers, K. & Kvamme, M. 1992. *Breheimenundersøkelsene 1982-1984. II: Stølsområdene*. Arkeologiske rapporter 15. Bergen.
- Reinton, L. 1961. *Säterbruket i Noreg. Band III*. Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Serie B: Skrifter XLVIII. Oslo.
- Rygh, O. 1873. Om Helleristinger i Norge. *Christiania Vidensk.-Selsk. Forhandlinger*:455-470.
- Sandnes, J. 1989. Først ljåen, så krøttermulen - fjellslått og setring i Trøndelag. *Spor - fortidsnytt fra midt-norge* 7:18-21.
- Schwegler, U. 1992. *Schalen- und Zeichensteine der Schweiz*. Antiqua 22. Basel.
- Skrede, M. 2002. Utmark og gard. Nærstudie av tuftområdet i Friksdalen i Leikanger, Sogn og Fjordane. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Slomann, W. 1971. Gravfeltet omkring Einangsteinen i Slidreåsen, Valdres. *Viking* XXXV:11-88.
- Slomann, W. 1977. Valdres i Bronsealderen. *Tidsskrift for Valdres Historielag* 1977:101-110.
- Solberg, B. 1999. «Holy white stones». Remains of fertility cult in Norway. I: von Freeden, U., Koch, U. & Wiczorek, A. (red.) *Völker an Nord- und Ostsee und die Franken. Akten des 48. Sachsensymposiums in Mannheim, vom 7. bis 11. September 1997*. Römisch-Germanische Kommission; Reiss-Museum Mannheim, s. 99-106. Bonn.
- Syvertsen, K.I.J. 2003. Ristninger i graver - graver med ristninger: om ristningers mening i gravminner og gravritualer: en analyse av materiale fra Rogaland. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.
- Wrigglesworth, M. 2000. Ristninger og graver som sted. En visuell landskapsanalyse. Upublisert hovudfagsoppgåve i arkeologi, Universitetet i Bergen.

